



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 74

(2003–2004)

Om trygdeoppgjeret 2004

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 4. juni 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram forslag om regulering av grunnbeløpet i folketrygda og om auka løyvingar på statsbudsjettet for 2004 som følgje av dette.

I forslaget til regulering av grunnbeløpet har regjeringa lagt vekt på å sikre pensjonistane ei inntektsutvikling minst på linje med lønstakarane. Forslaget til G-regulering som no vert lagt fram, tek etter regjeringa sitt syn på ein god måte omsyn til det.

Regjeringa drøfta regulering av grunnbeløpet med organisasjonane Norsk Pensjonistforbund, Landsorganisasjonen i Noreg og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon i møte 26. og 27. mai 2004. Frå regjeringa si side vart det lagt stor vekt på å kome fram til semje med organisasjonane i desse drøftingane. Regjeringa, Norsk Pensjonistforbund og Landsorganisasjonen i Noreg vart samde om auken i folketrygda sitt grunnbeløp. Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon valde ikkje å slutte seg til avtalen.

Regjeringa gjer framlegg om å auke grunnbeløpet med i alt kr. 1 917 frå kr. 56 861 til kr. 58 778 frå

1. mai i år. Det gjev ein auke i gjennomsnittleg grunnbeløp frå 2003 til 2004 på 3,89 prosent.

Etter framlegget vil pensjonen for dei einslege minstepensjonistane auke med kr. 3 444 pr. år til kr. 105 408 pr. år. For eit minstepensjonistektepar aukar pensjonen med kr. 9 048 pr. år til kr. 190 248 pr. år. Utrekninga tek omsyn til at grunnpensjonen for ektepar og sambuande auka frå 0,8 G til 0,825 G frå 1. mai 2004.

Meirutgiftene for 2004 av auken i grunnbeløpet vert om lag 3 250 mill. kroner. I tillegg kjen auka utgifter til statspensjonane pr. 1. mai 2004, jf. St.prp. nr. 72 (2003–2004) Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2004 mv.

2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet

Staten har i drøftingane med Norsk Pensjonistforbund, Landsorganisasjonen i Noreg og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon teke utgangspunkt i retningslinjene for regulering av pensjonistane sine inntekter som Stortinget vedtok 28. mai 2003, jf.

Innst.S. nr.223 (2002–2003) og Stortinget si handsaming av trygdeoppgjøret i 2003.

Ut frå retningslinjene vil reguleringa av grunnbeløpet i 2004 vere samansett av:

- justering for eventuelle avvik (etterslep) mellom venta inntektsutvikling frå 2002 til 2003 lagt til grunn ved reguleringa av grunnbeløpet i fjor og faktisk utvikling i same periode.
- regulering av grunnbeløpet i høve til venta inntektsutvikling frå 2003 til 2004.
- vurdering av om det er grunnlag for å ta omsyn til «særlege tilhøve».

Stortinget la i trygdeoppgjøret 2003 til grunn ei lønsutvikling frå 2002 til 2003 for lønstakarar i alt på 4,4 prosent etter korreksjon for verknaden av lærarpakke II som Stortinget såg på som særlege tilhøve.

Rapporten frå Beregningsutvalget av 31. mars 2004 har rekna lønsveksten for alle lønstakarar under eitt til 4½ prosent frå 2002 til 2003. Korrigert for verknaden av lærarpakke II gjev dette ein lønsvekst på 4,4 prosent frå 2002 til 2003. Det svarar til det som vart lagt til grunn i Stortinget i trygdeoppgjøret i 2003. Det var i drøftingane semje om at det difor ikkje er grunnlag for etterslepskompensasjon frå 2002 til 2003.

Ved trygdeoppgjøret i 2003 vart det gjeve etterslepskompensasjon på 0,6 prosent for 2001 og 0,5 prosent for 2002. I Regjeringa sitt tilbod til organisasjonane er overhenget frå 2003 til 2004 korrigert for etterslepskomponentar som låg inne i oppgjøret for 2003. Dette gjer at inntektsutviklinga frå 2003 til 2004 ikkje vert påverka av denne etterslepskompensasjonen. Korrigeringa svarar til ein reduksjon av overhenget frå 1,6 prosent til 1,25 prosent.

Det er ikkje funne grunnlag for å korrigere venta lønsvekst frå 2003 til 2004 som følgje av «særlege tilhøve».

Under følgjer staten sitt tilbod og organisasjonane sine krav i trygdedrøftingane 2004.

Staten sitt første tilbod:

- «1. Regjeringa tilbyr en vekst i grunnbeløpet fra 2003 til 2004 på om lag 3,8 %. Dette betyr en økning i grunnbeløpet per 1. mai 2004 med kroner 1 843 fra kroner 56 861 til kroner 58 704.
2. Til grunn for tilbudet ligger:
 - a) Retningslinjene for regulering av folketrygdens grunnbeløp vedtatt av Stortinget 28.mai 2003.
 - b) Ingen etterslepsregulering fra 2003.

3. Overhenget fra 2003 til 2004 korrigeres for etterslepskomponenter som lå inne i oppgjøret for 2003 (henholdsvis 0,6% og 0,5%). Dette gjør at inntektsutviklingen fra 2003 til 2004 ikke påvirkes av denne etterslepskompensasjonen. Korrigeringen svarer til en reduksjon av overhenget fra 1,6% til 1,25%.
4. På bakgrunn av at mange av lønnsoppgjørene som er slutført i år, har hatt en ramme for årslønnsveksten på om lag 3½ % mener staten at dette også bør legges til grunn også for reguleringen av folketrygdens grunnbeløp.»

På kvelden 27.05.04 la staten fram eit justert tilbod:

«Regjeringa tilbyr en vekst i grunnbeløpet fra 2003 til 2004 på 3,89 %. Dette betyr en økning i grunnbeløpet per 1. mai 2004 med kroner 1 917 fra kroner 56 861 til kroner 58 778 og svarer til en årslønnsvekst på 3,55% fra 2003 til 2004.

For øvrig vises til forrige tilbod.»

Organisasjonane sine krav:

«1. Regulering av grunnbeløpet

Organisasjonane krever at grunnbeløpet oppreguleres slik at pensjonistene får en årslønnsvekst på 3,75 prosent. Dette er Regjeringens eget anslag for årslønnsvekst for alle grupper fra 2003 til 2004, slik det fremkommer i Revidert nasjonalbudsjett for 2004.

2. Etterregulering av grunnbeløpet

Organisasjonane viser til Innst.S. nr. 223 (2002–2003) Innstilling fra sosialkomiteen om vurdering av retningslinjene for trygdeoppgjøret, der det blant annet fremkommer at

«Siktemålet for reguleringa skal vere å gi pensjonistar med folketrygdpensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive».

Videre viser organisasjonane til at grunnbeløpet i forbindelse med trygdeforhandlingene i 2003 ble oppregulert slik at pensjonistene fikk en årslønnsvekst på 4,4 prosent. I følge Rapport nr. 1, 2004 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene var lønsveksten for alle grupper fra 2002 til 2003 på 4,5 prosent.

På denne bakgrunn mener organisasjonane at det ikke foreligger noe etterslep fra 2003. Det fremmes derfor ikke krav om etterregulering av grunnbeløpet.

3. Den historiske etterreguleringen

Organisasjonane vil vise til at grunnbeløpet nærmest systematisk er blitt underregulert si-

den Folketrygden ble innført i 1967. Organisasjonene har derfor i trygdeforhandlingene funnet det rimelig å fremme krav om etterregulering av det historiske etterslepet til grunnbeløpet.

Organisasjonene har imidlertid valgt å vise moderasjon ved årets forhandlinger, og velger derfor ikke å fremme krav om etterregulering av det historiske etterslepet.

Organisasjonene vil imidlertid understreke at det etter organisasjonenes syn foreligger et historisk etterslep, som det ved seinere anledninger vil kunne bli stilt krav om etterregulering av.

4. Samlet krav

På bakgrunn av det ovenstående fremmer organisasjonene et samlet krav om oppregulering av

grunnbeløpet fra 1. mai 2004, slik at pensjonistene får en årslønnsvekst på 3,75 %.»

Protokollane frå møtet 6. mai og frå drøftingane 26. og 27. mai 2004 følgjer som vedlegg til proposisjonen.

Regjeringa la stor vekt på at ein i trygdeoppgjøret i år skulle kome fram til ein avtale med pensjonistane sine organisasjonar.

I drøftingane vart staten, Norsk Pensjonistforbund og LO samde om ein auke av grunnbeløpet i folketrygda. Staten og dessa organisasjonane vart og samde om at den modellen som staten hadde lagt til grunn ved utrekninga av verknadene på veksten i G frå 2003 til 2004 av etterslepskompensasjonen frå 1.mai 2003, skulle leggjast til grunn.

Tabell 3.1 Utvikling av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.1.1990 – 30.04.2005. Kroner

	Minstepensjon				Unge uføre født før 1941	
	Einslege		Ektepar		Pr. år	Pr. mnd.
	Pr. år	Pr. mnd.	Pr. år	Pr. mnd.	Pr. år	Pr. mnd.
1.01.90–30.04.90.....	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748	4 729
1.05.90–30.11.90	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980	4 915
1.12.90–30.04.91	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 ¹	5 441 ¹
1.05.91–30.04.92	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 ²	6 307 ²
1.05.92–30.04.93	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 ³	7 148 ³
1.05.93–31.12.93	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 ⁴	7 304 ⁴
1.01.94–30.04.94	59 868	4 989	101 088 ⁵	8 424 ⁵	87 648 ⁴	7 304 ⁴
1.05.94–31.12.94	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 ⁴	7 457 ⁴
1.01.95–30.04.95 ⁶	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 ⁴	7 457 ⁴
1.05.95–30.04.96	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184	7 682
1.05.96–30.04.97	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360	8 030
1.05.97–30.04.98 ⁷	69 360	5 780	117 456	9 788	105 612	8 801 ⁸
1.05.98–30.04.99 ⁹	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752	9 396
1.05.99–30.04.00	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676	9 723
1.05.00–30.04.01	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992	10 166
1.05.01–30.04.02	92 100	7 675	158 520	13 210	127 632	10 636
1.05.02–30.04.03	97 140	8 095	167 208	13 934	134 616	11 218
1.05.03–30.04.04	101 964	8 497	181 200 ¹⁰	15 100	141 300	11 775
1.05.04–30.04.05	105 408	8 784	190 248 ¹¹	15 854	146 064	12 172

¹ Frå 1.01.1991.

² Frå 1.01.1992.

³ Frå 1.01.1993 (p.g.a. hevinga av aldersgrensa).

⁴ Født før 1943 (1.01.26–31.12.42).

⁵ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.94. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

⁶ Heving av sats for særtillegget frå 1.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

⁷ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.97. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

⁸ Auking av garantert poengtal frå 3 til 3,3.

⁹ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.98. Ordinær sats er 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

¹⁰ Utrekninga tek utgangspunkt i at grunnpensjonen for ektepar er økt frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003

¹¹ Utrekninga tek utgangspunkt i at grunnpensjonen for ektepar er økt frå 0,8 G til 0,825 G frå 1. mai 2004

Staten, Norsk Pensjonistforbund og LO vart samde om å auke folketrygda sitt grunnbeløp med kr. 1 917 frå kr. 56 861 til kr. 58 778. Dette gjev ein auke i gjennomsnittleg grunnbeløp frå 2003 til 2004 på 3,89 prosent.

Pensjonen for dei einslege minstepensjonistane vil auke med kr. 3 444 pr. år til kr. 105 408 pr. år. For eit minstepensjonistektepar aukar pensjonen med kr. 9 048 pr. år til kr. 190 248 pr år. Utrekninga tek omsyn til at grunnpensjonen for ektepar og sambuande auka frå 0,8 G til 0,825 G frå 1. mai 2004. Utviklinga i pensjonistane si inntekt som gruppe er vist i tabell 4.1.

Regjeringa meiner at tilbodet som staten, Norsk Pensjonistforbund og LO vart samde om, er i godt samsvar med Stortinget sine retningslinjer for G-reguleringa og Stortinget si handsaming av etter-slepsspørsmålet i 2003. Regjeringa registrer at Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon i sin protokoll har ei anna tolking av korleis ein bør handsame desse komponentane.

3 Verknader av framlegget til pensjonsregulering

Meirutgiftene ved framlegget om å auke grunnbeløpet med kr. 1 917 frå 1. mai 2004 jamført med reg-

lar og satsar før 1. mai 2004, vert på om lag 3 250 mill. kroner. I tillegg kjem auka utgifter til pensjonane pr. 1. mai 2004, jf. St.prp. nr. 72 (2003–2004). Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffrådet 2004 mv.

Ein auke i gjennomsnittleg grunnbeløp på 0,1 prosent frå 2003 til 2004 kostar 154 mill. kroner over statsbudsjettet i 2004. Fordi auken vert gjeven frå 1. mai krev det ein auke i grunnbeløpet på 0,15 prosent frå denne dato. Det fører til at årsverkna- den av ein slik auke i 2004 vert om lag 230 mill. kroner i 2005. Kostnadane for kommunane på grunn av auka pensjonskostnadar er ikkje rekna med her.

Tabell 3.1 syner utviklinga i minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter forslaget til pensjonsregulering, medan tabell 4.1 viser inntektsutviklinga før skatt for pensjonistar og lønstakarar frå 1998 til 2003.

4 Nærare om utviklinga dei seinare åra

Tabell 4.1 syner den prosentvise auken i grunnbeløpet, minstepensjon, gjennomsnittleg alderspensjon og uførepensjon og auken i årsløn for ulike grupper av yrkesaktive for perioden 1998 – 2003.

Tabell 4.1 Utvikling i grunnbeløp og inntekter for minstepensjonistar og lønstakarar og gjennomsnittleg alders- og uførepensjon 1998 – 2003. Prosentvis endring frå året før og årleg gjennomsnitt i perioden 2001 – 2003.

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2001– 2003
Folketrygdpensjon							
– Grunnbeløp	5,8	4,5	4,2	4,6	5,2	5,1	5,0
Minstepensjon							
– for einslege	13,2	7,6	4,2	4,6	5,2	5,1	5,0
– for ektepar	14,6	8,1	4,2	4,6	5,2	7,4	5,7
Alderspensjon i gjennomsnitt ³	9,3	6,2	5,0	5,5	6,2	6,6	6,1
Uførepensjon i gjennomsnitt	8,6	4,7	4,0	4,3	7,0	7,5	6,3
Årsløn ¹							
– Arbeidarar i LO/NHO-området	5,6	4,7	4,5	4,9	5,0	3,5	4,5
– Statstilsette	6,4	4,7	4,6	4,2	5,9	4,3	4,8
– Kommunetilsette	5,9	5,0	4,0	3,5	6,0	4,5	4,7
– Lønstakarar i alt	6,2	5,1	4,4	4,8	5,7	4½	5,0
– Lønstakarar i alt korr. for lærarar ²				4,6	5,5	4,4	4,8
Konsumprisindeksen		2,3	3,1	3,0	1,3	2,5	2,3

¹ Berekna lønsvekst jamfør rapport frå Det tekniske beregningsutvalget NOU 2004:10, tabell 3.1

² Dei særskilte elementa i oppgjeret for skuleverket vert her haldne utanom.

³ Gjennomsnittleg alderspensjon har auka meir enn både grunnbeløpet og gjennomsnittsløna for samanlikningsgruppene i perioden 1998–2003. Dette kjem av at folketrygda framleis er i ein oppbyggingsfase, og at den delen av alderspensjonistane som tener opp tilleggspensjonsrettar aukar.

Kjelde: Det tekniske beregningsutvalget NOU 2004:10 og Rikstrygdeverket.

Grunnbeløpet i folketrygda auka i perioden 2001 – 2003 med i gjennomsnitt 5 prosent pr. år. Om ein held verknaden av lærarpakke II utanom, var årslønsveksten for alle grupper 4,8 prosent pr. år i perioden 2001 – 2003. Utviklinga i minstepensjonane vert bestemt av utviklinga i grunnbeløpet og i satsane for særtillegg. Satsane for særtillegget har ikkje auka. Det gjer at minstepensjonen for einslege har auka i takt med grunnbeløpet. Minstepensjonane for ektepar har auke relativt meir. Dette har samanheng med at grunnpensjonen er auke frå 0,75G til 0,8G frå 1. mai 2003.

Frå 2002 til 2003 auka grunnbeløpet, tilleggs pensjonane, og minstepensjonen for einslege med 5,1 prosent og med 7,4 prosent for ektepar. Med ein prisauke på 2,5 prosent i same periode gav det ein sterk realvekst i pensjonane.

I følgje Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjera var lønsveksten frå 2002 til 2003 4½ prosent for alle grupper under eitt. Lønsveksten for industriarbeidarar i NHO-bedrifter var 3,5 prosent, for statstilsette 4,3 prosent og for kommunetilsette 4,5 prosent.

I Revidert nasjonalbudsjett 2004 er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg vekst i løningane frå 2003 til 2004 på om lag 3¾ prosent for alle grupper under eitt.

I løpet av våren har likevel mange av dei sluttførte lønsoppgjera hatt ei ramme for årslønsveksten på om lag 3½ prosent. Regjeringa har difor valt å leggje 3½ prosent vekst til grunn for reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda når veksten er korrigert for etterslepskomponentane frå 2003.

Tabell 4.2 syner pensjonen etter skatt i prosent av disponibel inntekt som yrkesaktiv (nettopensjonsdekningsprosent). Gruppene med låg inntekt får høgare disponibel pensjon som del av tidlegare yrkesinntekt enn høginntektsgruppene.

I vedlegget til proposisjonen går den historiske utviklinga av pensjonane m.v. fram. Tabellane i vedlegget syner m.a. utviklinga i minstepensjon frå 1970 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst som ein må sjå saman med opptrapping av satsane for særtillegg.

Tabell 4.2 Nettopensjonsdekningsprosent i 2003 for pensjonistar med opptente poeng alle år frå 1967 som vart alderspensjonistar i 2003 og ved fullt opptent pensjon. Pensjonsalder 67 år.

	Brutto lønsinntekt. Kroner			
	167 892	223 856	279 820	391 748
	Sluttpoengtal			
	2,00	3,00	4,00	5,33/6,00
Br.pensj. for einslege, 1936-kullet. Kr	101 507	124 278	147 049	191 453
Br.pensj. for einslege, 1940-kullet. Kr	105 078	129 635	154 192	203 306
Br.pensj. for einslege, 1975-kullet. Kr	102 974	126 479	149 984	181 245
	Netto pensjonsdekningsprosent			
Einslege				
1936-kullet	79	72	66	59
1940-kullet	82	74	68	61
1975-kullet	81	73	67	57
Pensjonistektepar (ein minstepensjonist)¹⁾²⁾				
1936-kullet	129	110	97	83
1940-kullet	130	111	99	85
1975-kullet	129	110	98	81
Pensjonistar som forsørgjer ektefelle (yngre enn 60 år)				
1936-kullet	95	87	83	73
1940-kullet	97	90	87	76
1975-kullet	95	89	85	71

¹ Minstepensjonist utan tidligare arbeidsinntekt og utan pensjonspoeng i folketrygda

² Frå 1. mai 2003 vart grunnpensjonen for kvar av ektefellane heva frå 0,75G til 0,8 G av folketrygdas grunnbeløp.

Kjelde: Rikstrygdeverket

5 Skattereglane for pensjonistar i 2004

Dei særlege skattereglane for pensjonistar i 2004 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

Alderspensionistar

Frå og med den månaden skattytaren fyller 70 år, får han kvar månad eit særfrådrag i inntekta. I 2004 er fullt særfrådrag 1 530 kroner pr. månad, dvs. 18 360 kroner for heile året. Har skattytaren etter fylte 67 år teke ut alderspensjon etter § 19–4 i folketrygdlova, har han òg rett til slikt særfrådrag. Skattytarar mellom 67 og 70 år som ikkje har teke ut full alderspensjon, får særfrådraget avkorta. Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekninga av felles-, kommune- og fylkesskatt.

Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

Uførepensionistar

Skattytarar som får førebels uførestønad etter folketrygdlova § 12–16, tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2004 ha eit særfrådrag i inntekta på 1 530 kroner pr. månad, tilsvarende 18 360 kroner for heile året. Dersom arbeidsevna er nedsett med mellom halvdelen og to tredelar, skal vedkomande ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt.

Særskild skatteavgrensingsregel

For skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter dei reglane som er nemnde ovanfor, skal ein ikkje rekna ut skatt når den allmenne inntekta til skattytaren før særfrådrag er under 88 600 kroner for einslege og 143 800 kroner for ektepar. Ved utrekning av inntekta skal ein leggja til 2 prosent av skattepliktig formue over 200 000 kroner.

Dersom inntekta ligg over dei fastsette skattefrie grensene, skal ein i utgangspunktet rekna skatt av heile inntekta etter dei ordinære reglane for pensjonistar. Skatten skal likevel ikkje overstiga 55 prosent av den allmenne inntekta (før særfrådrag) over den skattefrie beløpsgrensa. Skatten vert på denne måten avgrensa til maksimalt 55 prosent av den allmenne inntekta som ligg høgare enn beløpsgrensene.

Denne regelen gjeld òg for skattytarar som tek i mot overgangsstønad, etterlatnepensjon eller avta-

lefasta pensjon (AFP). Den særskilde skatteavgrensingsregelen vert brukt ved utrekning av trygdeavgift og felles-, kommune- og fylkesskatt. Regelen vert ikkje nytta ved fastsetjing av toppskatt eller skatt på formue.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. i 2004 er 3 prosent.

6 Krigspensjonering

Utgiftene til krigspensjon etter lov av 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov av 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25) vert dekkja av staten.

Under kap. 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2004 løyvd respektive 263 mill. kroner og 651 mill. kroner.

Pensjonane skal etter tilleggslova av 29. juni 1951 nr. 34, regulerast som for statspensjonane, dvs. i takt med grunnbeløpet i folketrygda. For 2004 vert det rekna med meirutgifter på 6 mill. kroner for krigspensjoneringa for militærpersonar og på 15 mill. kroner for krigspensjoneringa for heimstyrkepersonell og sivilpersonar.

Krigspensjonane vert samordna med pensjonar frå folketrygda. Det vert gjort framlegg om at løyvinga under kap. 660 Krigspensjonering aukar med 21 mill. kroner for 2004.

7 Avtalefesta pensjon

Etter lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon yter staten tilskott med 40 prosent av pensjonsutgiftene for pensjonistar som er fylde 64 år (§ 6).

Under kap. 666, post 70 Tilskott er det for 2004 løyvd 707 mill. kroner i statstilskott.

Pensjonen skal regulerast på same måte som pensjonane i folketrygda. Det vert gjort framlegg om at statstilskottet aukar med 16 mill. kroner.

8 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov av 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn yter staten visse tilskott (§15). Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts måneder mellom 1. september 1939 og 31. de-

semer 1945. Pensjonsordninga er garantert av staten (§ 8). Etter at reguleringsfondet er brukt opp, dekkjer såleis staten dei årlege underskotta.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2004 løyvd 557 mill. kroner.

Pensjonssatsane og krigsfartstillegget vert fastsett direkte i prosent av grunnbeløpet i folketrygda, og aukar såleis automatisk i takt med det. Ved ein auke av grunnbeløpet vil både underskottet og utgiftene til krigsfartstillegg auke. Det vert gjort framlegg om at tilskottet aukar med 13 mill. kroner.

9 Ytingar til yrkesretta attføring

Løyvinga for 2004 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring er på 10 344 mill. kroner fordelt med 8 584 mill. kroner til attføringspengar og 1 760 mill. kroner til attføringsstønader.

Attføringspengar

Med utgangspunkt i eksisterande informasjon om utbetalingane hittil i år og overslag på utbetalingane ut året vert, det rekna med at det er eit meirbehov under attføringspengar på 196 mill. kroner grunna auken i grunnbeløpet. Det vert gjort framlegg om å auke løyvinga for 2004 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 70 attføringspengar med 196 mill. kroner.

Attføringsstønader

Endringa i G rører i første rekke ved stønad til hushaldsutgifter. Den sentrale faktoren i ordninga med stønad til hushaldsutgifter er ein sjablonberekna levekostnadsfaktor som skal dekke andre utgifter

enn buutgifter. Dersom til dømes ein attføringsøklar og eventuell ektefelle har samla nettoinntekter som er lågare enn levekostnadsfaktoren og buutgiftene til saman, skal det gis månadlege tilskott for å dekke differansen.

Levekostnadsfaktoren vert sjablonberekna på bakgrunn av veksten i konsumprisindeksen. Pr. 1.9.2004 vert satsane i levekostnadsfaktoren auka til:

kroner 5 200 pr. månad for trygda, ein auke på kr. 20
kroner 3 120 pr. månad for ektefelle, ein auke på kr. 10
kroner 1 870 pr. månad for kvart barn, ein auke på kr. 10

Tilskottet kan maksimalt utgjere kr. 5 800 pr. månad, ein auke på kr. 20. Stønadsbeløp på under kr. 100 pr. månad vert ikkje utbetalt.

Stønaden til hushaldsutgifter under yrkesretta attføring er under avvikling, jf. lovendringa om nye berekningsreglar som vart innført med verknad frå 1.1.2002. På bakgrunn av dette er det få personar som no mottok stønad til hushaldsutgifter. Vidare er auken i levekostnadsfaktoren liten som følge av den låge veksten i konsumprisindeksen.

Budsjettverknaden på kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 71 attføringsstønad er rekna til å vere så låg at det ikkje gjev grunnlag for å endra løyvinga for 2004.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om trygdeoppgjeret 2004.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om trygdeoppgjeret 2004 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om trygdeoppgjøret 2004

I

Grunnbeløpet i folketrygda blir sett til kr. 58 778 med verknad frå 1. mai 2004.

II

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 263 000 000 til kr. 269 000 000	6 000 000
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 651 000 000 til kr. 666 000 000	15 000 000
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, vert auka med frå kr. 557 000 000 til kr. 570 000 000	13 000 000
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, vert auka med frå kr. 707 000 000 til kr. 723 000 000	16 000 000
2543		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 8 584 000 000 til kr. 8 780 000 000	196 000 000
2652		Medisinsk rehabilitering mv.	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 8 212 000 000 til kr. 8 397 000 000	185 000 000
2655		Uførpensjon	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 16 130 000 000 til kr. 16 493 000 000	363 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 23 296 000 000 til kr. 23 820 000 000	524 000 000
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 1 356 000 000 til kr. 1 386 000 000	30 000 000
	73	Førebels uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 262 000 000 til kr. 268 000 000	6 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 603 000 000 til kr. 617 000 000	14 000 000
	76	Yrkesskadetrygd, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 72 000 000 til kr. 74 000 000	2 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 31 496 000 000 til kr. 32 204 000 000	708 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 42 729 000 000 til kr. 43 689 000 000	960 000 000
	72	Ventetilllegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 120 000 000 til kr. 123 000 000	3 000 000
	73	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 4 985 000 000 til kr. 5 097 000 000	112 000 000

Kap	Post	Formål	Kroner
2680		Ytingar til gjenlevande ektefellar	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 1 200 000 000 til kr. 1 227 000 000	27 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 1 030 000 000 til kr. 1 053 000 000	23 000 000
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 62 000 000 til kr. 63 000 000	1 000 000
2683		Stønad til einsleg mor og far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr. 2 199 000 000 til kr. 2 248 000 000	49 000 000

Vedlegg 1**Tabellar**

Tabell 1.1 Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistar med særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdi. 1970–2003.

År	Særtillleggssats ved utgangen av året (pst. av G)		Årlege minstepensjonar		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før		
	Høgaste pst.	Lågaste pst.	Einsleg kr	Ektepar kr		Minstepensjon		Gj.sn. grunnbeløp kr
						Einsleg pst.	Ektepar pst.	
1970	7,50	7,50	7 810	11 970	6 800	–	–	–
1971	14,00	14,00	8 900	13 850	7 400	6,8	8,4	2,0
1972	17,00	16,00	9 664	15 023	7 900	1,7	1,6	-0,0
1973	17,00	16,00	10 445	16 220	8 500	0,2	0,1	-0,2
1974	17,00	16,00	11 655	18 101	9 533	2,3	2,3	2,8
1975	21,50	20,25	13 308	20 696	10 800	2,3	2,4	1,5
1976	25,00	24,00	15 363	24 215	12 000	5,6	7,0	1,6
1977	31,00	30,00	17 770	28 331	13 383	5,9	7,1	2,1
1978	36,00	35,00	20 228	32 760	14 550	5,3	6,9	0,6
1979	40,00	39,00	21 780	35 406	15 200	2,9	3,3	-0,1
1980	44,00	41,00	24 345	39 339	16 633	0,7	0,1	-1,5
1981	48,00	45,00	27 882	45 066	18 658	1,0	1,0	-1,1
1982	49,00	46,00	31 228	50 633	20 667	0,5	0,9	-0,6
1983	51,50	47,50	34 153	55 248	22 333	0,8	0,6	-0,4
1984	52,50	48,50	36 516	59 056	23 667	0,5	0,5	-0,4
1985	53,00	49,00	39 220	63 496	25 333	1,7	1,8	1,3
1986	54,50	49,75	42 884	69 196	27 433	2,1	1,7	1,1
1987	54,50	49,75	45 724	73 776	29 267	-2,0	-2,0	-1,9
1988	57,00	52,25	48 786	78 966	30 850	0,0	0,4	-1,2
1989	57,00	52,25	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,1
1990	58,00	53,25	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	-0,1
1991	60,50	54,80	56 112	90 840	35 033	1,5	1,3	0,8
1992	60,50	54,80	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	0,9
1993	60,50	54,80	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1
1994	60,50	60,50 ¹	60 700	102 496	37 820	0,7	5,1	0,7
1995	61,55	61,55 ¹	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,2
1996	61,55	61,55 ¹	65 284	110 368	40 410	2,8	2,8	2,8
1997	63,20	63,20 ¹	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	1,3
1998	79,33	79,33 ¹	77 360	132 512	44 413	10,7	12,7	3,4
1999	79,33	79,33 ¹	83 256	143 288	46 423	5,2	5,9	2,2
2000	79,33	79,33 ¹	86 756	149 312	48 377	1,0	1,0	1,0
2001	79,33	79,33 ¹	90 744	156 184	50 603	1,5	1,5	1,5
2002	79,33	79,33 ¹	95 460	164 312	53 233	3,9	3,9	3,9
2003	79,33	79,33 ¹	100 356	176 536	55 964	2,4	4,8	2,9

¹ Om begge ektefellar har særtillegg

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.2 Personar med pensjon/overgangsstønad frå folketrygda.

	Per 31. desember 2001			Per 31. desember 2002			Per 31. desember 2003		
	Talet på personar	Av dette med minste-yting ¹	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting ¹	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting ¹	I pst. av alle
Alderspensionistar	626 578	226 262	36	624 054	217 862	35	623 722	208 122	33
Uføre-pensionistar	285 364	60 759	21	292 224	60 264	21	301 214	59 513	20
Gjenlevande ektefellar	26 511	4 714	18	25 914	4 502	17	25 246	4 247	17
Tidlegare familiepleiarar	253	253	100	223	223	100	207	207	100
Ugifte forsørgjarar og skilte separerte forsørgjarar	26 083	26 083	100	25 470	25 470	100	25 647	25 647	100
I alt	964 789	318 071	33	967 885	308 321	32	976 036	297 736	31

¹ Frå og med 1.01.98 vert det ikkje gjeve særtillegg til ugifte, skilte og separerte forsørgjarar. Overgangsstønaden er 1,85 gonger grunnbeløpet.

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.3 Alders- og uførepensionistar med særtillegg og sats for særtillegg pr. 31.12.2003

	Høgaste sats			Lågaste sats ¹		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Alderspensionistar i alt	99 407	23 748	123 155	82 229	2 738	84 967
67–69	5 694	2 673	8 367	16 026	350	16 376
70 år og over	93 713	21 075	114 788	66 203	2 388	68 591
Uførepensionistar i alt	33 191	8 185	41 376	17 205	932	18 137
Under 50 år	8 216	3 377	11 593	1 130	198	1 328
50–59 år	15 109	2 664	17 773	4 777	283	5 060
60–66 år	9 786	2 122	11 908	11 129	445	11 574
67–69 år	80	22	102	169	6	175
I alt	132 598	31 933	164 531	99 434	3 670	103 104

¹ Fordelinga mellom høg og låg sats har vore feil i nokre tidlegare år, dvs. at det har vore altfor få med låg sats. Lågaste sats inkluderer også dei som har sats som ligg mellom høg og låg (jf. endring i særtilleggssatsane for ektefellar gjeldande frå 1.01.94).

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.4 Alderspensionistar og uførepensionistar med full pensjon og gjenlevande ektefelle med og utan tilleggspensjon. 31. desember 2002.)¹

	Berre pensionistar med full pensjon			I alt
	Alders- pensionistar	Uføre- pensionistar	Gjenlevande ektefelle med pensjon/ overgangsstonad	
Utan tilleggspensjon	62 893	8 786	730	72 409
Under 0,55 G	99 777	26 201	10 198	136 176
0,55 G – 0,60 G	9 501	2 391	890	12 782
0,60 G – 0,80 G	42 014	10 742	3 314	56 070
0,80 G – 1,00 G	47 193	12 260	3 165	62 618
1,00 G – 1,50 G	128 053	78 825	5 266	212 144
1,50 G – 2,00 G	125 732	46 426	1 620	173 778
Over 2,00 G	105 579	52 903	63	158 545
I alt	620 742	238 534	25 246	884 522

¹ Tabellen omfattar ikkje alderspensionistar og uførepensionistar med gradert pensjon.

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.5 Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fekk godskrive pensjonspeng etter særreglar for uførepensionistar)¹

År	Talet på personar			I prosent av folketalet 17–69 år per 31. desember	
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner pst.	Menn pst.
1967	379 284	1 000 303	1 379 587	31,0	82,0
1970	406 912	1 000 262	1 407 174	32,7	80,3
1973	467 148	1 019 234	1 486 382	36,8	79,9
1975	506 236	1 034 142	1 540 378	39,4	79,9
1977	581 234	1 068 877	1 650 111	44,7	81,5
1978	616 895	1 074 064	1 690 959	47,2	81,3
1979	646 502	1 081 518	1 728 020	49,2	81,5
1980	677 229	1 096 561	1 773 790	51,2	82,1
1981	698 253	1 097 511	1 795 764	52,5	81,6
1982	710 012	1 083 001	1 793 013	53,1	79,9
1983	722 474	1 080 593	1 803 067	53,6	79,1
1984	745 200	1 087 816	1 833 016	53,0	79,1
1985	776 418	1 100 216	1 876 634	56,9	79,3
1986	812 883	1 122 975	1 935 858	59,1	80,2
1987	846 414	1 128 753	1 975 167	61,1	79,9
1988	861 669	1 128 573	1 990 242	61,8	79,1
1989	850 403	1 099 913	1 950 316	60,7	76,7
1990	856 668	1 089 392	1 946 060	61,0	75,8
1991	865 544	1 082 327	1 947 871	61,4	74,9
1992	872 979	1 079 078	1 952 057	61,7	74,3
1993	884 425	1 081 504	1 965 929	62,2	74,2
1994	900 904	1 099 311	2 000 215	63,2	75,2
1995	918 852	1 116 499	2 035 351	64,2	76,1
1996	935 019	1 132 310	2 067 329	65,0	76,9
1997	951 227	1 154 670	2 105 897	65,8	78,0
1998	971 935	1 117 106	2 089 041	66,8	79,0
1999	982 630	1 180 713	2 163 343	67,1	78,7
2000	993 640	1 184 738	2 178 378	67,5	78,4
2001	1 004 786	1 192 262	2 197 048	67,9	78,6
2002 ²	1 041 947	1 217 441	2 259 388	69,9	79,6

¹ Frå 1982 er personar med pensjonsgjevande inntekt som døde eller utvandra i året tekne ut.

² Frå 1.1. 2002 er rehabiliteringspenger og attføringspenger pensjonsgjevande inntekt.

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.6 Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967–2001.

År	Kvinner	Menn
1967.....	1,88	3,55
1968	1,87	3,52
1969	1,84	3,49
1970	1,90	3,63
1971	1,96	3,82
1972	2,03	3,89
1973	2,08	3,96
1974	2,09	4,01
1975	2,19	4,14
1976	2,30	4,29
1977	2,26	4,30
1978	2,26	4,32
1979.....	2,23	4,29
1980	2,27	4,31
1981	2,31	4,30
1982	2,33	4,20
1983	2,36	4,25
1984	2,41	4,30
1985	2,46	4,36
1986	2,53	4,40
1987	2,69	4,60
1988	2,74	4,64
1989	2,77	4,54
1990	2,88	4,61
1991	2,95	4,61
1992	2,92	4,25
1993	2,95	4,24
1994	2,99	4,27
1995	3,02	4,30
1996	3,06	4,32
1997	3,10	4,37
1998	3,13	4,41
1999	3,18	4,42
2000	3,19	4,41
2001	3,22	4,43
2002	3,21	4,39

Kjelde: Rikstrygdeverket

Vedlegg 2

Protokoll fra møtet 6. mai 2004 mellom representanter for Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosialdepartementet og Finansdepartementet og representanter fra Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge for å gjennomgå rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2004 fra Det tekniske beregningsutvalget (NOU 2004:10).

Representanter for Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosialdepartementet og Finansdepartementet og representanter for Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge har i møte 6. mai 2004 gått gjennom rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2004 (NOU 2004:10). Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget hadde anslått lønnsveksten fra 2002 til 2003 til 4 ½ prosent for lønstakere i alt, til 3,5 prosent for industriarbeidere i NHO-bedrifter, til 4,3 prosent for ansatte i stat og 4,4 prosent for ansatte i kommunene inklusive fristilte stillinger. Partene vil vurdere tallene, herunder korreksjoner for særlige tilhøve, jf. Stortingets retningslinjer for regulering av

grunnbeløpet, og bruken av tallene under drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet.

Følgende var tilstede på møtet:

- Fra Norsk Pensjonistforbund: Arild Daleng
- Fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Stian Oen
- Fra LO: Per Gunnar Olsen
- Fra Sosialdepartementet: Tomas Berg og Ann Viljugrein
- Fra Finansdepartementet: Inge Skeie og Are Forbord
- Fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet: Roger Nordhagen, Tormod Belgum og Bent-Ole Grooss

Oslo, den 6. mai 2004

Norsk Pensjonistforbund

Landsorganisasjonen i Norge

Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon

Arbeids- og
Administrasjonsdepartementet

Vedlegg 3

Protokoll fra drøftingene mellom Regjeringen og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge om regulering av grunnbeløpet i folketrygden pr. 1. mai 2004.

Drøftingene om årets trygdeoppgjør ble gjennomført ved møter 26. og 27. mai 2004.

Følgende har vært tilstede på ett eller flere av møtene:

- Fra Norsk Pensjonistforbund: Kjell Samuelsen, Sidsel Bauck, Mons Sandnes,
- Torolf Støyva, Karnlisbeth Haarseth, Arild Daleng og Rune Bugge Persson,
- Fra de samarbeidende pensjonistorganisasjoner i offentlig sektor møtte John R. Pettersen.
- Fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Arnt Holte, Liv Arum, og Stian Oen
- Fra LO: Per Gunnar Olsen, Irene Frenger, Øystein Nilsen og Per Overrein
- Fra Sosialdepartementet: Statsråd Ingjerd Schou, Kristin Holm, Tomas Berg og Bjørg Løken Western.
- Fra Finansdepartementet: Statssekretær Øystein Børmer og Inge Skeie
- Fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet: Statsråd Morten Andreas Meyer, Eirik Lae Solberg, Arnulf Leirpoll, Roger Nordhagen og Bent-Ole Grooss

Organisasjonene la på møtet 26.05 fram følgende krav:

Norsk Pensjonistforbund (NPF), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Landsorganisasjonen i Norge (LO), heretter kalt «organisasjonene», viser til at det fra Arbeids- og administrasjonsdepartementets side er blitt varslet at trygdeforhandlingene for 2004 avholdes 26. og 27. mai 2004.

Organisasjonene vil med dette fremme følgende krav:

1. Regulering av grunnbeløpet

Organisasjonene krever at grunnbeløpet oppreguleres slik at pensjonistene får en årslønnsvekst på

3,75 prosent. Dette er Regjeringens eget anslag for årslønnsvekst for alle grupper fra 2003 til 2004, slik det fremkommer i Revidert nasjonalbudsjett for 2004.

2. Etterregulering av grunnbeløpet

Organisasjonene viser til Innst.S. nr. 223 (2002–2003) Innstilling fra sosialkomiteen om vurdering av retningslinjene for trygdeoppgjøret, der det blant annet fremkommer at

«Siktemålet for reguleringa skal vere å gi pensjonistar med folketrygdpensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive».

Videre viser organisasjonene til at grunnbeløpet i forbindelse med trygdeforhandlingene i 2003 ble oppregulert slik at pensjonistene fikk en årslønnsvekst på 4,4 prosent. I følge Rapport nr. 1, 2004 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene var lønnsveksten for alle grupper fra 2002 til 2003 på 4,5 prosent.

På denne bakgrunn mener organisasjonene at det ikke foreligger noe etterslep fra 2003. Det fremmes derfor ikke krav om etterregulering av grunnbeløpet.

3. Den historiske etterreguleringen

Organisasjonene vil vise til at grunnbeløpet nærmest systematisk er blitt underregulert siden Folketrygden ble innført i 1967. Organisasjonene har derfor i trygdeforhandlingene funnet det rimelig å fremme krav om etterregulering av det historiske etterslepet til grunnbeløpet.

Organisasjonene har imidlertid valgt å vise moderasjon ved årets forhandlinger, og velger derfor ikke å fremme krav om etterregulering av det historiske etterslepet.

Organisasjonene vil imidlertid understreke at det etter organisasjonenes syn foreligger et historisk etterslep, som det ved seinere anledninger vil kunne bli stilt krav om etterregulering av.

4. Samlet krav

På bakgrunn av det ovenstående fremmer organisasjonene et samlet krav om oppregulering av grunnbeløpet fra 1. mai 2004, slik at pensjonistene får en årslønnsvekst på 3,75 %.

I møte 27.05.04 la staten fram sitt første tilbud:

1. Regjeringen tilbyr en vekst i grunnbeløpet fra 2003 til 2004 på om lag 3,8 %. Dette betyr en økning i grunnbeløpet per 1. mai 2004 med kroner 1 843 fra kroner 56 861 til kroner 58 704.
2. Til grunn for tilbudet ligger:
 - a) Retningslinjene for regulering av folketrygdens grunnbeløp vedtatt av Stortinget 28.mai 2003.
 - b) Ingen etterslepsregulering fra 2003.
3. Overhenget fra 2003 til 2004 korrigeres for etterslepskomponenter som lå inne i oppgjøret for 2003 (henholdsvis 0,6% og 0,5%). Dette gjør at inntektsutviklingen fra 2003 til 2004 ikke påvirkes av denne etterslepskompensasjonen. Korrigeringen svarer til en reduksjon av overhenget fra 1,6% til 1,25%.

4. På bakgrunn av at mange av lønnsoppgjørene som er sluttført i år, har hatt en ramme for årslønnsveksten på om lag 3½ % mener staten at dette også bør legges til grunn også for reguleringen av folketrygdens grunnbeløp.

Etter drøftinger ble det kl. 20.30 den 27.05.04 oppnådd enighet mellom Staten, Norsk Pensjonistforbund og LO om en økning av grunnbeløpet i folketrygden med kr. 1917 fra kr. 56.861 til kr. 58.778 pr. 1. mai 2004. Dette gir en vekst i G fra 2003 til 2004 på 3,89 %. Korrigert for virkningene av etterslepskompensasjonen som ble gitt 1.05.03 blir veksten i overkant av 3,55 %. Det var enighet mellom staten og disse organisasjonene om at den modell staten hadde lagt til grunn ved beregningen av virkningene på veksten i G fra 2003 til 2004 av etterslepskompensasjonen fra 01.05.03 skulle legges til grunn.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon meddelte at de ikke kunne akseptere denne løsningen. De ga uttrykk for at rammen for reguleringen av G var for lav og at de var uenige i den måten virkningene av etterslepskompensasjonen fra 01.05.03 ble korrigert for i oppgjøret i 2004. Det vises for øvrig til egen særmerknad fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon som er vedlagt protokollen.

Oslo, 28. mai 2004

Norsk Pensjonistforbund

Landsorganisasjonen i Norge

Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon

Arbeids- og
administrasjonsdepartementet

Vedlegg: Protokolltilførsel fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Protokolltilførsel fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon:

FFO viser til Innst. S. nr. 223 (2002–2003) Innstilling fra sosialkomiteen om vurdering av retningslinjene for trygdeoppgjøret, der det heter at:»

Siktemålet for reguleringa skal vere å gi pensjonistar med folketrygdpensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive».

FFO mener Regjeringens anslag for forventet lønnsvekst i Revidert Nasjonalbudsjett 2004 på 3,75 % skal legges til grunn for reguleringen av grunnbeløpet. For at pensjonene skal reguleres minst på linje med forventet lønnsvekst må dette innebære en regulering i tråd med anslaget i Revidert Nasjonalbudsjett.

FFO viser til at Regjeringen selv i trygdeoppgjøret mente at den tilbydde økningen på kr. 1.917 kun vil gi en årslønnsvekst på 3,55 prosent, siden veksten i grunnbeløpet etter Regjeringens syn må korrigeres for etterslepskomponentene fra oppjøret i 2003. FFO viser til Regjeringens egen forståelse av hva tilbudet til økning i grunnbeløpet vil bety i årslønnsvekst. FFO mener derfor Regjeringens tilbud vil medføre en underregulering av folketrygdens grunnbeløp.

FFO mener videre at Regjeringen ikke fullt ut tar konsekvensen av virkningen av etterslepsreguleringen fra oppjøret i 2003 når den foreslår å regulere grunnbeløpet lavere enn forventet årslønnsvekst i Revidert Nasjonalbudsjett for 2004.

FFO mener på denne bakgrunn at Regjeringens tilbud ikke er i tråd med retningslinjenes formulering om at pensjonene skal reguleres minst på linje med forventet lønnsvekst når det er tatt hensyn til særlige forhold.

